

Saksbehandlar: Rolf Årdal  
Sak nr.: 19/2131-4

## **Campus Førde verftet AS**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Det vert løyvd samla 3.900.000 kr til Campus Førde verftet AS som oppstartsmidlar for realisering av prosjektet.
2. Det vert lagt til grunn at Campus Førde verftet AS, så snart selskapet er etablert, søker fylkeskommunen om prosjektutviklingsmidlane. Søknaden må oppfylle krava i det alminnelege gruppeunntaket (GBER).
3. Løyvinga på 3.900.000 kr vert dekkja med disponible restmidlar som hovudutval for næring og kultur disponerer.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å handsame søknaden om prosjektutviklingsmidlar frå Campus Førde verftet AS.

### **Vedlegg:**

1. Samarbeidsavtale mellom Høgskulen på Vestlandet og Sogn og Fjordane fylkeskommune.
2. Saksprotokoll frå fylkesutvalet 8. april 2019.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Midlar til prosjektutvikling i ein oppstartsfasen er ein føresetnad for at Campus Førde verftet skal kunne realiserast, og vil kunne bidra til utvikling av kompetanse både i næringslivet og utdanningsinstitusjonane.

Det vert lagt til grunn at dette er ei langsiktig satsing der Campus Førde verftet vert utvikla som ein del av den regionale innovasjonsstrukturen, og at fylkeskommunen også vidare vil vere ein aktiv pådrivar og støttespelar i det vidare utviklingsarbeidet.

### **2. Bakgrunn for saka**

#### 2.1 Grunnlag for saka

Sogn og Fjordane Fylkeskommune vedtok i Fylkestinget juni 2014 Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014-2025. Den skal vere styrande for arbeidet med verdiskaping i fylket. Som eit tillegg til planen vart det utvikla ein eigen industristrategi. Industristrategien vart vedteken i oktober 2015, der ein av delstrategiane er å etablere «Teknologicampus Sogn og Fjordane». Sogn og Fjordane har behov for å styrke koplinga mellom utdanningsinstitusjonane og næringslivet. I tida framover er det særskild viktig at utdanningsmiljøa og FoU-miljøa blir endå meir relevante for næringslivet. Satsinga er også forankra i regional kompetansestrategi.

## 2.2 Historikk - tidlegare vedtak

Det er utarbeidd ei samarbeidsavtale mellom Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFJ) som eit rammeverk for realisering av prosjektet, jf. vedlagde sak til fylkestinget 24. april 2019. Som del av saka ligg det også ei tilråding frå fylkesutvalet om å løyve 15 mill. kr i investeringsstøtte til ulike laboratoriefunksjonar.

Realiseringa baserer seg på etablering av eit felles føretak, «Campus Førde verftet AS». Eigarskapen i selskapet vert delt mellom HVL og SFJ, og i tillegg får vertskommunen (Førde kommune) tilbod om ein eigardel på inntil 10 %.

Ambisjonen i samarbeidsprosjektet er å utvikle HVL og Fagskulen i Sogn og Fjordane (FiSF) si regionale rolle, og vil i ein periode vere avhengig av prosjektutviklingsmidlar for å kunne skape ei ønska utvikling. Hovudutval for næring og kultur har tidlegare løyvd 800.000 kr til prosjektutviklingsmidlar (sak 65/2017).

## 2.3 Litt om samarbeidsavtalen mellom HVL og SFJ

Samarbeidsprosjektet skal utvikle dei to utdanningsinstitusjonane si regionale rolle, og baserer seg på følgjande felles hovudinnsatsområde:

- a) Laboratorium og infrastruktur.
- b) Rekrutterings- og utdanningsstrategiar.
- c) Kurs- og opplæringsaktivitetar.
- d) Innovasjon, forskning og utvikling.

Ein sentral del av prosjektet vil også vere å etablere samarbeid om kompetanseutvikling og innovasjon med relevante miljø i Vestland fylke.

# Campusutvikling Førde

## - Samhandling - del av eit større samhandlingsmiljø på Vestlandet

### Samhandlingsmiljø Sogn og Fjordane

- Siten (Årdal) - Senter for Innovasjon, teknologi og prosess
- Vitensenteret Sogn og Fjordane AS (Kaupanger/Sogndal)
- Virtuell campus elektro og automasjon (Eid/Stryn)
- Kompositt og plastmiljø (Måløy, Sande og Hyen)
- Prosessindustri (Høyanger og Svelgen)
- Havyard (Hyllestad)
- Maritim foreining Sogn og Fjordane.
- Olje- og subseamiljø (Florø)
- IT-miljøet i Måløy.
- Peak Sunnfjord (Førde) – IT og teknologi klynge
- Kunnskapsparken

### Sentre, klynger og nettverk Bergen / Hordaland

- Mohn-Senteret
- GCE Subsea
- NCE Maritime CleanTech
- NCE Seafood Innovation
- NCE Tourism
- NCE Media
- Finance Innovation

Prosjektutviklingsmidlane vil gå til etablering av ein felles organisasjon for satsinga, der midlane er tenkt nytta som følgjer:

Driftsorganisering Campus Førde verftet:

Dagleg leiar / prosjektutviklar (50-100 % stilling) med følgjande hovudarbeidsoppgåver:

- Strategiutvikling og driftsplanlegging.
- Utvikle intern og ekstern samhandling og mobilisere bedriftene i regionen m.o.t. eigenutvikling.
- Overordna koordinering av aktivitetane og samhandling med definerte samarbeidspartnarar.
- Sikre eit godt arbeidsmiljø inkl. krav til HMS.

«Delingskoordinator» (50 % - 100 % stilling, er p.t. tilsett i 50 %): med følgjande hovudarbeidsoppgåver:

- Koordinere bruken av felles lab- og utstyrsfunksjonar for fagskule, høgskule, opplæringskontor, vidaregåande opplæring, bedrifter etc.
- Praktisk tilrettelegging for opplæringsaktivitetar i samarbeid med kompetent undervisningspersonale og laboratorieingeniør.
- Koordinere intern og ekstern samhandling og bidra i arbeidet med å styrke samanhengen i utdanningsløpet frå ungdomsskule til høgare utdanning.

Laboratorieingeniør (100 % stilling):

- Fagressurs som har det tekniske ansvaret for den samla drifta av laboratoria.
- Kvalitetssikre at aktivitetane vert gjennomført innanfor krav til HMS.
- Samarbeide med ulike fagressursar innan ulike fagområder, fortrinnsvis tilsette frå HVL og fagskulen.

Det er eit formål om å bygge større kompetansemiljø i dei 2 utdanningsinstitusjonane, og i tillegg vil fagressursar i dei 2 organisasjonen tilføre vesentlege ressursbidrag i tillegg til investerings- drifts- og prosjektutviklingsmidlar.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### 3.1 Økonomi- og budsjett

Tentativt budsjett prosjektutvikling:

Kostnader	2019	2020	2021	Sum kostnader
Dagleg leiar/prosjektutviklar	600.000	600.000	600.000	1800.000
Delingskoordinator		300.000		300.000
Lab-ingeniør	400.000	400.000	400.000	1200.000
Andre kostnader	300.000	200.000	100.000	600.000
Sum kostnader	1300.000	1500.000	1100.000	3900.000

Utgangspunktet er 50 % stilling som dagleg leiar/prosjektutviklar ved oppstart. Det er ei målsetting at utviklinga medfører behov for dagleg leiar / prosjektutviklar i 100 % stilling, men tidspunkt og ev kombinasjon med andre ovannemnde roller eller ressursar må vurderast undervegs.

Delingskoordinator i 50 % stilling er finansiert ut 2019 med prosjektutviklingsmidlar løyvd tidlegare av hovudutval for næring og kultur. Målsettinga er at denne stillingsressursen skal brukarfinansierast frå 2021, men oppgåvene kan på sikt bli integrert med andre stillingar.

Finansiering av stillinga som lab-ingeniør vert delt likt mellom HVL og fylkeskommune.

Andre kostnader: husleigekostnader skal inndeckast av leigeavtalar / brukarar, men i oppstartsfasen må ein rekne med ekstrakostnader i tilknytning til etablering og organisering av selskapet.

Ressursbehovet mellom ulike delområder i prosjektutviklinga vil kunne endre seg undervegs. Samla ressursar til leing, koordinering og kompetanse vil kunne aukast gjennom ulike FoU-prosjekt, brukarfinansiering og andre eksterne midlar.

#### 3.2 Rettslege vurderingar

Etableringa av Campus Førde verftet AS skal skje innanfor statsstøttereglement, innkjøpsreglement, og skatte- og avgiftsreglement. Fylkesrådmannen har vurdert om det moglege tilskotet frå fylkeskommunen vert ramma av forbodet mot offentleg støtte (statsstøtte) i EØS-avtalen artikkel 61.

EU-kommisjonen har utarbeidd ei liste, kalla det alminnelege gruppeunntaket (GBER), over støtteordningar som har liten påverknad på samhandelen og konkurransen i EØS-området. GBER gir heimel til å tildele støtte direkte til støttemottakar, utan å notisere støtta til ESA (EFTA sitt overvakingssorgan) på førehand.

Artikkel 26 i GBER gir på nærmare fastsette vilkår heimel til å gi offentleg støtte til «forskningsinfrastruktur». Fylkesrådmannen legg til grunn at slike laboratorium som fylkeskommunen kan kome til å gje tilskot til i den føreliggjande saka, er å rekne som forskningsinfrastruktur.

Dersom fylkeskommunen skal kunne tildele støtte i medhald av det alminnelege gruppeunntaket, må støttemottakar, som i dette tilfellet vert Campus Førde verftet AS, søkje fylkeskommunen om støtte før fylkeskommunen eventuelt gjer vedtak om å tildele støtte.

#### 3.3 Regional kompetanseutvikling

HVL og FiSF er hovuddrivkrefter i prosjektutviklinga, der dei tekniske fagområda har hovudprioritet. Gjennom utviklingsarbeidet er ambisjonen at HVL og FiSF skal utvikle si regionale rolle og styrke samhandlinga med næringslivet i regionen, slik at bedriftene har høve til å utvikle seg der dei er lokalisert i dag.

Søknadstala til HVL og fagskulen har auka, men det er behov og potensiale for å styrke rekrutteringa vidare for å få stabilisert eit langsiktig utdanningstilbod i regionen. Dette er også viktig for å bidra til å dekke næringslivet sine behov i åra framover, der det viser seg at 4 av 5 som tek si utdanning i fylket blir, medan 1 av 5 som tek si utdanning utanfor fylket kjem tilbake.

I prosessen har det også komme tydeleg fram ynskje om å auke innovasjonskrafta i næringslivet og samtidig styrke kompetanseutviklinga i bedriftene. HVL og FiSF ynskjer å vere ei større drivkraft i dette arbeidet, samtidig som dei ynskjer å blir meir relevante og attraktive for både næringslivet og studentane. Det er no grunnlag for å etablere ein sterkare innovasjonsstruktur i Førde med utgangspunkt i dei tekniske utdanningsmiljøa og utvikling av deira regionale rolle og samhandling med næringslivet i regionen. Prosjektet ønskjer ei etablering knytt til Hellenes sitt areal i Førde der eigarane har ønskje om å bidra til å skape eit slikt miljø. Det gamle vertsområdet som Hellenes disponerer har sterke og unike fortrinn m.o.t. areal på 18.000 kvm under tak, høghallar for testfasilitetar, sjøtilgang, kranar etc.

Gjennom denne satsinga vil ein også kunne dele ressursar med MOY vgs, opplæringskontor, grunnskular, Reodor-klubb, der ein kan få tilgang til utstyr og/eller kompetanse ein ikkje har ressursar til sjølv eller som ein nyttar relativt sjeldan. Etableringa vil også kunne bidra til å skape ein rekrutteringsarena for dei tekniske høgskuleutdanningane, samtidig som det på sikt vil kunne gi ei meir ressurseffektiv utnytting av areal, investeringar og drift for HVL og FiSF.

#### **4. Konklusjon**

Utvikling av ein sterkare utdannings-, forskings- og innovasjonsstruktur er viktig for å styrke næringslivet i regionen, og prosjektressursar til bygging av intern og ekstern samhandlingsstruktur er avgjerande for å lykkast.

Fylkesdirektøren tilrår at hovudutvalet støttar Campus Førde verftet AS, og løyver samla 3.900.000 kr som oppstartsmidlar for realisering av prosjektet. Ein føresetnad for støtta er at fylkestinget vedtek tilrådinga frå fylkesutvalet.